

SØKNAD OM DISPENSASJON

For tiltak på følgjande eigedom i Masfjorden kommune

Gnr.	37	Bnr.	3, 7 og 8	Fnr.:	
Adresse	KVINDEBAKKEN				
	5981 MASFJORDNES				

Søknaden sendes inn av

Namn tiltakshavar	KVINDE GRENDELAGE				
Adresse tiltakshavar	NORD KVINDE 5981 MASFJORDNES				
Kontaktperson	WENKE FREDHEIM EKREN				
Telefon	917 31 320	e-post-adresse	wenke.ekren@mail.com		

Me søker om dispensasjon frå

X	Kommuneplanens arealdel
X	Plan- og bygningslova (pbl) §§ 1-8 og 11-7

Me søker om dispensasjon frå følgjande krav i lov/forskrift:

1. frå pbl § 1-8. Forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag
2. frå pbl § 11-7 nr 6 Forbod mot tiltak i sjø og vassdrag
3. frå kommuneplanen: Forbod mot tiltak i areal med «LNF» formål

For å kunna byggja / utføra følgjande tiltak:

1. Bygge universell gangveg i strandsone med anlegg på land for tilkomst til badeplass, fiskeplass og flytebrygge
2. Legge ut flytebrygge for enklare tilkomst til og frå sjøen, også for funksjonshemma
3. Oppgradering av traktorveg og bygging av universell tilpassa gangveg i areal med «LNF» formål

Vi søker om (sett kryss)

X	Dispensasjon etter § 19-1 (permanent)	
	Dispensasjon etter § 19-3 (midlertidig)	fram til dato

Grunngjeving for dispensasjonssøknaden :

Hordaland fylkeskommune i samarbeid med kommunar og andre aktørar har teke initiativ til eit prosjekt der ei dagsturhytte skal fremja fysisk aktivitet. Det er tenkt som eit lågterskeltilbod for å få fleire og nye målgrupper ut på tur. Alle dei 26 kommunane i Sogn og Fjordane har fått ei slik hytte. Dei første av i alt 30 hytter i Hordaland er alt på plass.

I haust har Masfjorden kommune fått levert og sett opp dagsturhytte i Grøttneset mellom Mjanger og Kvingo. Plasseringa til denne hytta er gjort med tanke på at alle grupper av folk skal kunna nytta hytta og området. Heile familiar også med små barn, eldre og funksjonshemma skal kunna nytta dette tilbodet. Det er i dag fleire enkle turstiar som fører fram til hytta og dei fine fasilitetane naturen i området gjev. Her er stor furuskog, strandsone for fiske og bading. Kommunen har gjeve dispensasjon for oppføring av hytta og anlegg i tilknytning til den.

No er det planar om å realisera kanskje den viktigaste delen av prosjektet: Universell utforma tilkomst til hytta, stranda og sjøen. Frå parkeringsplass på Bakken er det planlagt oppgradering av eksisterande traktorveg på 500 meter for rullestolbruk. Traktorvegen er ein tidlegare etablert landbruksveg med 3,0 meter breidde. Vidare må det byggast universell utforma gangveg på 925 meter, slik at det då blir universell tilrettelagt gangveg frå parkeringsplass heilt fram til dagsturhytta.

For at funksjonshemma skal kunna koma sjøvegen til dagsturhytta og til sjøen med badestrand, fiskeplassar og flytebrygge må det byggast gangveg på 145 meter. Desse gangvegane vert bygd i samsvar med rettleiar frå «Kultur- og kirkedepartementet punkt 1.2 Beskrivelse av turveier, løyper og stier». Vegen følgjer terrenget med minst mogleg terrenginngrep. Siste del av denne gangvegen vert liggande langs stranda. Det er ein holme tett ved land og denne er godt eigna for å kunna etablera gangbru frå gangvegen og ut til landgang til flytebrygge. Denne gangbrua vil ligge horisontalt og vert om lag 15 meter lang. Det er enkle tilhøve for å fundamentera og bygga ei bru i tre. På utsida av holmen vert det ankra opp ei flytebrygge på 4 x 6 meter. Det vert landgang frå holmen til flytebrygga. På brygga vert det bygd eit arrangement for å få funksjonshemma til/frå båt.

Universell utforma traktorveg og gangveg vil i hovudsak skje i LNF-område der tiltak er forbode etter kommuneplanen, siste del også mindre enn 100 meter frå stranda som er ulovleg etter pbl § 1-8. Flytebrygga vert lagt ut i sjøen der det er forbod med tiltak etter pbl § 11-7.

Ved å gje dispensasjon frå lover og forskrifter er konklusjon til tiltakshavar:

Dei beskrivne tiltaka vil gjera eit større området med natur, strand og sjø tilgjengeleg for ålmenta og spesielt for grupper som elles ikkje vil kunna koma ut i naturen. Det vil ha ein stor verdi for dei som kan nytta tiltaka og i neste omgang bidra positivt for samfunnet.

Tiltaka vil ikkje privatisera området, heller tvert imot. Alle tiltaka er reversible og naturen kan enkelt tilbakeførast utan sår om hytta og anlegga ikkje lenger skal brukast av ålmenta.

Tiltakshavar ser ingen negative konsekvensar for området ved å gje dispensasjon og få tiltaka realisert.

Dispensasjonssøknad vert nabovarsla, kvittering for varsel vedlagt.

For Kvinge Grendelag

Stad	dato	underskrift tiltakshavar
------	------	--------------------------

Vedlegg

Type vedlegg		datert	vedlagt	
Vedlegg 1 - Kvittering for nabovarsel				
Vedlegg 2 - Universell gangveg	1:5000	23.11.2020	X	
Vedlegg 3 - Universell gangveg	1:500	23.11.2020	X	
Vedlegg 4 - Flytebrygge og gangbru	1:400	23.11.2020	X	



BIM modell ArchiCAD 14 NOR Filplassering: D:\BRKvingeData\Mine dokumenter\PROSJEKT\Byggeprosjekt\2020_20110_Dagsturhytte\UU_TILKOMST\UU-tilkomst Grøttneset.pln

FLYTEBRYGGE MED
RAMPE TIL LAND
Grøttneset

BADESTRAND

UNIVERSELL GANGVEG PÅ 145 METER
TIL FLYTEBRYGGE OG BADEPLASS

DAGSTURHYTTE
OG TOALETT

EKSTRA BÆRELAG
UNDER VEG 35 METER

RYDDA

RYDDA MERKA

UNIVERSELL GANGVEG
TIL TURLAGSHYTTE

BIM modell ArchiCAD 14 NOR Filplassering: D:\BRKvingeData\Mine dokumenter\PROSJEKT\Byggeprosjekt\2020_\20110_Dagsturhytte\UU_TILKOMST\UU-tilkomst Grøttneset.pln

Grøttneset

BADESTRAND

DAGSTURHYTTE
OG TOALETT

FLYTEBRYGGE MED
LANDGANG OG GANGBRU
TIL GANGVEG PÅ LAND

